



Vestland  
fylkeskommune

# Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2026–2029

Rullering av [eksisterande handlingsprogram](#) til gjeldande regionale planar  
for folkehelse frå tidl. Sogn og Fjordane og Hordaland fylke



# § Lov om folkehelsearbeid

Fylkeskommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåvene og med dei verkemidla som fylkeskommunen er tillagt. Dette skjer gjennom regional utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting, og tiltak som kan møte fylket sine folkehelseutfordringar.

Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar verksemda innan folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Dette betyr at fylkeskommunen må integrere folkehelseomsyn i alt arbeid innan samferdsel, utdanning, næring, kultur, klima, miljø og regional planlegging.

Lova krev ei systematisk og langsiktig tilnærming der fylkeskommunen nyttar si posisjon som regional aktør til å fremje folkehelsa i samfunnsutvikling i heile fylket.

Det er fleire andre lover som er førande i folkehelsearbeidet; mellom anna plan- og bygningslova, integreringslova, lov om friluftsliv, naturmangfaldslova, opplæringslova og likestillings- og diskrimineringslova.

## **Folkehelsearbeid**

*Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.*

Lov om folkehelsearbeid

*Folkehelselova byggjer på sju prinsipp: sosial utjamning, helse i alt vi gjer, berekraftig utvikling, føre-var, medverknad, barns beste og kunnskap*

# Kva seier Utviklingsplanen?

*I **Utviklingsplan for Vestland 2024–2028** er folkehelse eit viktig tema for berekraftig utvikling. Det er behov for å styrke det langsiktige folkehelsearbeidet gjennom samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen. **Folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027** ligg til grunn for arbeidet med utviklingsplanen, og den identifiserer fire hovudutfordringar: 1) sosial ulikskap i helse, 2) demografiske endringar, 3) konsekvensar av klimaendringar, og 4) psykisk helse og livskvalitet. Kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen og folkehelseoversikta syner at folkehelsa kan betrast.*

*I tillegg påverkar fleire sentrale lovarbeid folkehelse,- integrerings- og det bustadsosiale feltet. Først og fremst gjeld dette:*

- Fylkeskommunen fekk nye oppgåver på integreringsfeltet i 2020. Dette inneber å styrke samarbeid med kommunar og tilbod om kvalifisering og deltaking for innvandrarar.*
- Det vart vedteke endringar i bustadsosial lov 1. juli 2023. Lova skal bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden får bistand til å skaffe seg og behalde bustad.*
- Frå 1.1.2026 trer revidert folkehelselov i kraft.\* Den skal styrke heilskap og systematikk, samarbeid knytt til forskning, utvikling, evaluering og beredskap. Barnets beste og kunnskap er lagt inn som grunnleggande omsyn.\*\**

*Det er difor behov for å styrke den strategiske retninga og samordne arbeidet med folkehelse, integrering og det bustadsosiale området, på tvers av sektorar og forvaltingsnivå i Vestland. Utviklingsplanen har satsingsområde, mål og strategiar som svarer på dette. Folkehelse med utjamning av sosiale helseskilnader, mangfald, inkludering og integrering er òg framheva som gjennomgåande plantema. Desse temaa skal inngå i begge dei breie regionale planarbeida.*

*I tillegg er det vurdert at det er behov for å gjere ei rullering av vedteke felles handlingsprogram til dei to regionale folkehelseplanane. Det skal gjerast mindre tilpassingar som ikkje endrar hovudinnhaldet i planane. Tilpassingane skal sikre meir strategisk vekt på tiltaksutforming og følgje opp folkehelseoversikta og utviklingsplanen. Rulleringa vert samordna med dei to regionale planarbeida. I samband med planlegginga kan det vere behov for nytt og breiare kunnskapsgrunnlag. Aktørar som har medansvar for oppfølging av handlingsprogrammet får høve til å bidra til arbeidet på ein hensiktsmessig måte.*

*\*Revidert folkehelselov inneheld endringar som skal bidra til å klargjere ansvar, leggje betre til rette for samarbeid, heilskap og systematikk, men inneheld inga vesentleg endring i det grunnleggjande ansvaret og oppgåvene til kommunane, fylkeskommunane og staten. \*\*I fylker med samisk befolkning skal fylkeskommunen være oppmerksom på særskilte folkehelseutfordringar for samisk befolkning.*

# Kva er eit handlingsprogram?

Alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram som viser korleis planen skal gjennomførast. For folkehelse er dette eit verktøy for å utvikle og iverksette tiltak, samt sikre kopling til delmål og strategiar. Handlingsprogrammet skal styrke den strategiske retninga for folkehelsearbeidet i Vestland.

I Utviklingsplan for Vestland (UPVL) 2020–2024 vart det vedteke at ein skulle utarbeide eit felles handlingsprogram basert på dei to regionale folkehelseplanane frå Sogn og Fjordane og Hordaland. I mars 2022 vart Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022–2025 vedteke. I UPVL 2024–2028 vart det vedteke at dei regionale planane for folkehelse framleis skal vere gjeldande og eksisterande handlingsprogram rullerast.


*Utviklingsplanen legg premiss for folkehelsearbeidet frå 2024-2028*



# To nye regionale planar

I planperioden 2024-2028 skal Vestland utarbeide to nye, breie regionale planar: Regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse. Dette er prioriterte planoppgåver som femner om store berekraftsspørsmål knytt til verdiskaping, natur og miljø og sosial berekraft. Folkehelse med utjamning av sosiale helseskilnadar, mangfald og integrering er framheva som gjennomgåande plantema som skal inngå i begge dei regionale planane.

Regional plan for areal og mobilitet omfattar den fysiske utviklinga og infrastrukturen i Vestland. Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for andre strukturar og fasilitetar som gir grunnlag for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland. Dei to regionale planarbeida er likestilte og skal utviklast parallelt. Det er lagt opp til samordna framdrift i arbeidet.



Rullering av handlingsprogram for folkehelse skal samordnast med utvikling av dei to nye regionale planane

# Mål, delmål og strategiar – kva er det?

Folkehelse er eit langsiktig og systematisk arbeid som treng klare mål og strategiar .

- **Mål** viser til *kva* ein ynskjer å oppnå, medan **delmål** er mindre, spesifikke mål som bidreg til å nå eit større, overordna mål. Delmål er meir konkrete og oppnåeleg på kortare tid enn hovudmålet, og er steg på vegen mot det store målet. Delmål hjelp til med å gjere prosessen meir handterbar, og gir moglegheit for å måle framgang undervegs. Delmål svarar på «kva skal ein oppnå, og kva tid?»
- **Strategiar** definerer korleis ein skal nå eit mål og er eit overordna vegval eller retning som viser *korleis* ein skal nå målet. Strategiar svarar på «slik vil vi jobbe for å nå målet».

## Delmål

- Kva skal vi oppnå?
- Konkret og målbar del av hovudmålet
- Resultat

## Strategi

- Korleis skal vi nå målet?
- Overordna retning/tilnærming?
- Vegval

” *Utfordringane går på tvers av fag, sektor og forvaltingsnivå, politikkområde og offentleg og privat sektor. Dei kan berre løysast gjennom breie satsingsområde og samordna innsats, noko klima- og folkehelseutfordringane er døme på.*

*Samarbeid på tvers av samfunnet er difor eit hovudmål i den nye utviklingsplanen.*

”

# Mål og satsingar

Kva ynskjer vi å oppnå?  
→

## VISJON

Gode liv for alle i Vestland

## HOVUDMÅL

Ei berekraftig samfunnsutvikling som bidreg til god livskvalitet og utjamning av sosiale helseskilnader

Handlingsprogrammet  
har fem satsingar  
→

### Sosial utjamning

Like moglegheiter  
uavhengig av sosial  
bakgrunn

### Psykisk helse og livskvalitet

Fellesskap og  
meningsfulle  
aktivitetar styrker  
psykisk helse og  
livskvalitet

### Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Gode oppvekstvilkår og  
møteplassar for alle

### Demografiske endringar

Ressursar i alle  
befolknings- og  
aldersgrupper tatt i bruk

### Klima og natur

Rettferdig  
klimaomstilling til det  
beste for  
innbyggjarane

...og mål for kvar  
satsing →

# Strategiar for utviklings- og folkehelsearbeid i Vestland

Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2026–2029 skal følgje mål, strategiar og føringar frå Utviklingsplan for Vestland 2024–2028. Følgande strategiar frå Utviklingsplanen er hovudfokus for satsingsområde, mål og delmål i handlingsprogrammet:

- 1. Jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskingsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn.*
- 5. Sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.*
- 6. Skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn.*
- 8. Styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar.*
- 9. Vestland skal forvalte natur-, landskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv og følgje opp Montrealavtalen frå 2022.*

---

## Felles for alle satsingane i handlingsprogram for folkehelse:

- ✓ nytte kunnskapsbaserte metodar og verktøy
- ✓ reell medverknad med tilpassa informasjon og oppfølging
- ✓ evaluere iverksette tiltak for å sikre effekt og læring



# 1.0 Sosial utjamning

*Vestland skal vere eit fylke med like moglegheiter uavhengig av sosial bakgrunn*

## 1.4 Delmål i perioden 2026–2029:

1.4.1 Reduserte helseskilnader mellom grupper med høg og låg utdanning.

1.4.2 Auke delen som fullfører vidaregåande opplæring.

1.4.3 Ni av ti elevar skal gjennomføre vgs opplæring på fem år.

1.4.4 Auke talet unge, innvandrarak og personar med nedsett funksjonsevne som deltek i jobb, fritid og utdanning

1.4.5 Like moglegheiter i samfunnet, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn eller nedsett funksjonsevne

## 1.1 Sosial ulikskap i helse:

Utdanning, yrke og inntekt påverkar både fysisk og psykisk helse. Statistisk sett har personar med lengre utdanning gjennomgåande betre helse. Mange med kort utdanning lev gode liv med god helse, likevel gir utdanning lettare tilgang til ei rekkje ressursar – både materielle og sosiale – som styrkar helsa. Det er ei tydeleg gradvis forbetring i helse med aukande utdanningsnivå.

Årsakene til sosial ulikskap i helse blir fordelt mellom bakanforliggande og direkte faktorar. Bakanforliggande er faktorar som ikkje er så synlege, men avgjerande som til dømes inntekt, oppvekst, utdanning, arbeidstilhøve, medan direkte faktorar er arv, levevaner og åtferd. Samla blir dette omtala som heile årsakskjeda.

## 1.2 Strategiar:

1.2.1 Bruke data for å identifisere og prioritere områder og grupper med utfordringar

1.2.2 Betre overgangen mellom vidaregåande opplæring og arbeid

1.2.3 Planlegge trygge, inkluderende og helsefremjande lokalsamfunn

1.2.4 Menneskerettar skal forankrast i styringsdokument

1.2.6 Redusere barrierar og funksjonshindringar for deltaking i arbeidsliv, fritidsaktivitetar og samfunn.

1.2.7 Vestland fylke skal vere ei antirasistisk sone

*«For alle mål på helseplager og funksjonstap er det ein klar utdanningsgradient i favør av dei med høgare utdanning»*

Folkehelseundersøkinga Vestland 2022

*«Arbeid er ein nøkkelfaktor for både livskvalitet og psykisk helse»*

Meld. St. 15 Folkehelsemeldinga (2022–2023)

## 1.3 Ansvar og samarbeidspartar:

- Vestland fylkeskommune
- Kommunar
- KS, offentlige etatar og regionale aktørar
- Statsforvaltaren i Vestland
- Kompetansemiljø/forsking- og utviklingsmiljø
- Universitet- og høgskulesektor
- Frivillege organisasjonar
- Fremsam\*

## 2.0 Psykisk helse og livskvalitet

Fellesskap og meningsfulle aktiviteter styrker psykisk helse og livskvalitet

### 2.4 Delmål i perioden 2026–2029:

2.4.1 Betre kompetanse og medvit om psykisk helse og livskvalitet i befolkninga

2.4.2 Auka andel innbyggjararar med god/høg livskvalitet

2.4.3 Auka deltaking i organiserte aktiviteter

2.4.4 Reduksjon av sjølvrapporterte psykiske helseplager

2.4.5 Alle barn og unge i Vestland skal kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet.

## 2.1 Psykisk helse og livskvalitet

Psykiske plager kan vere utfordringar i kvardagen som til dømes uro, stress eller einsemd. Psykiske lidningar er kliniske diagnosar som depresjon og angst. Alle opplev forbigåande psykiske plager relatert til bekymring, uro eller stress. Rundt halvparten av oss vil oppleve depressiv lidning i løpet av livet. Folkehelsearbeidet må difor styrke evna til å handtere utfordringar for den psykiske helsa.

Livskvalitet handlar om både subjektive og objektive delar av livet:

- **Subjektiv livskvalitet:** Korleis ein oppfattar livet, kjensler av ro, positivitet, meistring og funksjon. Subjektiv livskvalitet kan vere god trass sjukdom eller andre plager.
- **Objektiv livskvalitet:** helsetilstand, funksjonsevne, materielle levekår, arbeidsoppgåver og fritidsaktivitetar.

## 2.2 Strategiar

2.2.1 Bruke data for å identifisere og prioritere områder og grupper med utfordringar

2.2.2 Gjere befolkninga meir robust gjennom å legge til rette for at fleire deltek i meningsfulle aktiviteter saman med andre

2.2.3 Sikre at barrierar som funksjonsevne, språk og sosiøkonomisk status ikkje er eit hinder for tenester og aktiviteter

2.2.4 Inkludering og aktivitet gjennom bibliotek, kultur, idrett og friluftsliv

2.2.5 Førebygge einsemd, mobbing, utanforskap og sjølvvmord

2.2.6 Fremje sosial tilhørighet, livsmeistring, meaning og aktivitet

2.2.7 Redusere barrierar for deltaking i frivilligheit

*«Å vektlegge livskvalitet i politikkutvikling kan bidra til å utjevne sosiale forskjeller og skape et mer rettferdig samfunn. Livskvalitet kan betraktes som en ressurs for samfunnet fordi den kan gjøre befolkningen bedre rustet til å møte ulike utfordringer»*

Nasjonal livskvalitetsstrategi

## 2.3 Ansvar og samarbeidspartar:

- Vestland fylkeskommune
- Kommunar
- KS, offentlige etatar og regionale aktørar
- Statsforvaltaren i Vestland
- Kompetansemiljø/forsking- og utviklingsmiljø
- Universitet- og høgskulesektor
- Frivillege organisasjonar
- Fremsam

## 3.0 Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Gode oppvekstvilkår og møteplassar for alle

### 3.4 Delmål i perioden 2026–2029:

3.4.1 Auka tilfredsheit med nærmiljø og tilbod

3.4.2 80% av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen

3.4.3 Auke i vegnett tilrettelagt for mjuke trafikantar

3.4.4 Færre skader og ulykker

3.4.5 Beredskap skal vere ein del av folkehelsearbeidet, og inngå i planlegginga for eit berekraftig og motstandsdyktig Vestland.

### 3.1 Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Trivsel og helse vert forma frå der ein bur. Eit sentralt i UPVL er at kommunane arbeider systematisk med mangfald og inkludering, med særleg fokus på faktorar som kjønn, seksualitet, etnisitet, kultur, livssyn og funksjonsevne. Barn og unge er ei prioritert gruppe, men ein må også møte demografiske endringar på ein offensiv måte – til dømes ved å gjere kommunane meir aldersvennlege. Planlegginga skal òg bidra til å forme sosiale og fysiske omgjevnader som er trygge, attraktive og tilgjengelege for alle. Dette blir sett på som avgjerande for å utvikle sterke, livskraftige lokalsamfunn.

### 3.2 Strategiar:

3.2.1 Fysiske miljø som legg til rette for aktivitet og møte mellom menneske på tvers av alder, interesser og funksjonsnivå

3.2.2 Samskaping mellom stat, fylke, kommune og sivilsamfunnet for auka sosial berekraft

3.2.3 Bustadutvikling som møter behova til ulike grupper som del av den heilskaplege planlegginga

3.2.4 Styrke trafikkopplæring og åtferdsretta arbeid for barn, unge og eldre

3.2.5 Styrke informasjonsarbeidet og kommunikasjonen med innbyggjarane, for å bygge tillit til myndighetene før, under og etter kriser

3.2.6 Auke kunnskap om verdien av friluftsliv kopla mot frivilligheit, inkludering og beredskap

3.2.7 Styrke kunnskap og kompetanse om skadeforebyggjande arbeid og miljøretta helsevern

### 3.3 Ansvar og samarbeidspartar:

- Vestland fylkeskommune
- Kommunar, KS og andre offentlige etatar
- Statsforvaltaren i Vestland
- Kompetansemiljø/forsking- og utviklingsmiljø
- Universitet- og høgskulesektor
- Frivillege organisasjonar
- Fremsam
- Skadeforebyggjande forum
- Trygg trafikk
- Husbanken

*«Skal vi skape sosialt berekraftige stadar som er inkluderande og tilgjengelege for alle må nærmiljøa også tilpassast og tilretteleggast for ulike menneske sine behov»*

Fremsam

## 4.0 Demografiske endringar

Ressursar i alle befolknings- og aldersgrupper blir tatt i bruk

### 4.4 Delmål i perioden 2026–2029:

4.4.1 Vestland skal vere eit universelt utforma samfunn

4.4.2 Gode transportordningar og kollektivtilbod

4.4.3 Auke mangfald i arbeidslivet og frivilligheita

4.4.4 Legge til rette for eit meir likeverdig samfunn

### 4.1 Demografiske endringar

Demografi handlar om befolkningssamansetning; kven vi er og korleis den endrar seg. Det handlar om menneske, alder, kjønn, fødselar, død, migrasjon, familiar og busettingsmønster.

- I 2032 har Vestland fleire personar på 65 år eller eldre enn barn i alderen 0-19 år.
- 13,2 % av befolkninga i Vestland er innvandrarar. I nokre kommunar i Vestland har nesten 20% innvandrarbakgrunn.

Demografiske endringar gjeld heile Vestland, og særleg distrikta. Spennvidda innan i gruppa er stor: det er 40 år, nesten to generasjonar, som skil en 65-åring og en 105-åring. I Norge har dei fleste som går ut i pensjon mellom 15-20 friske år framfor seg, men det er store variasjonar. Eit aldersvenleg samfunn er eit samfunn der alle kan delta – uavhengig av funksjonsevne og alder.

### 4.2 Strategiar:

4.2.1 Auke kunnskap om universell utforming

4.2.2 Styrke tilbod av lærings- og meistringstilbod

4.2.3 Etablere plattformer for dialog mellom ulike samfunnsgrupper for å identifisere barrierar for deltaking

4.2.4 Eldre skal kunne bu lengre heime

4.2.5 Auke mangfaldskompetansen i arbeidslivs-, opplærings- og frivilligsektor

4.2.6 Legge til rette for inkluderande og tilgjengeleg formidling av informasjon om rettar, tilbod og aktivitetar til heile befolkninga, uavhengig av språklege, digitale eller kulturelle føresetnader

### 4.3. Ansvar og samarbeidspartar:

- Vestland fylkeskommune
- Kommunar
- KS, offentlige etatar og regionale aktørar
- Statsforvaltaren i Vestland
- Kompetansemiljø/forskning- og utviklingsmiljø
- Universitet- og høgskulesektor
- Frivillege organisasjonar
- Fremsam
- Husbanken
- Skadeforebyggjande forum

*Norge er eit av landa i verda med høgast forventa levealder grunna medisinsk utvikling og eit langsiktig folkehelsearbeid som har gitt betre tenester og betre levekår.*

Folkehelseinstituttet

## 5.0 Klima og natur

Vestland er ein pådrivar for ei rettferdig klimaomstilling til det beste for innbyggjarane

### 5.4 Delmål i perioden 2025–2029:

5.4.1 Auka berekraftig bruk og bevaring av natur

5.4.2 Styrke omsynet til klima, natur og folkehelse i planarbeid

5.4.3 Auka opplevd tilgjenge til natur- og rekreasjonsområde

5.4.4 Gjere nærnatur meir tilgjengeleg og inkluderande for alle

5.4.5 Auke kompetansen om klima og natur sin verknad for livskvalitet i befolkninga

### 5.1 Klima, natur og folkehelse:

Endringar i klima og naturmangfald påverkar miljø og levekår over heile verda. Både menneske- og naturskapte miljø er grunnleggjande for helse, trivsel og livskvalitet, og for menneskeleg vekst og utvikling. For å legge til rette for gode liv for alle i Vestland må natur og klimaomsyn bli godt innarbeidd i politikk, lover og plan- og utviklingsprosjekt på tvers av alle forvaltningsnivå og i alle sektorar.

Klima- og naturomstilling vil medføre store og omfattande tiltak. Mange av løysingane som er naudsynte vil også gje folk eit betre liv. Ikkje alle tiltak har ein direkte positiv effekt på folkehelsa. Vi må difor vere merksame på i kva grad omstillingsprosessane påverkar folkehelsa, både fysisk, psykisk og sosialt.

### 5.2 Strategiar:

5.2.1 Ivareta samanhengar mellom folkehelse, natur og klimaendringar

5.2.2 Integrere bevaring og berekraftig bruk av natur i planarbeid og forvaltning

5.2.3 Fremje vern og rekonstruksjon av natur og blågrøne strukturar<sup>1</sup> i all planlegging

5.2.4 Verne om nærnatur som ei viktig kjelde til folkehelse

5.2.5 Universelt utforma informasjon om klima og natur sin verknad for livskvalitet i befolkninga

### 5.3 Ansvar og samarbeidspartar:

- Vestland fylkeskommune
- Kommunar
- KS, offentlige/statlege og regionale aktørar
- Statsforvaltaren i Vestland
- Kompetansemiljø/forsking- og utviklingsmiljø
- Universitet- og høgskulesektor
- Frivillige organisasjonar

*Meir nedbør, fleire hetebølger og tørkeperiodar og endringar i fauna og flora vil få betydning for helsa vår*

Meld. St. 15 Folkehelsemeldinga (2022–2023)

<sup>1</sup>**Blågrøn struktur** viser til samanhengande nettverk av naturbaserte område i byar og tettstader, som omfattar:

•**Grøne område:** parker, skog, grøntdrag, hager, turstiar, leikeplassar og jordbruksland

•**Blå område:** elver, bekker, innsjøar, våtmarker, kystsoner og regnbed/vassløysingar